

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Saksordfører Rasmus Laupsa Rasmussen (A) innleia til saka.

John Andre Kongsvik (H) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting til utsetjing

Kongsvik sitt forslag fekk 25 røyster (H, Frp, FNB, Pp) og fall.

Rosalind Fosse (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget vedtar "Lokal forskrift for inntak og formidling i Vestland fylkeskommune med følgende endringer:

1. Vestland fylkeskommune vil føre vidare fritt skolevalg i for Vestland fylkeskommune.
3. Søker står fritt til å søke i hele Vestland fylkeskommune.»

Avrøysting

Fosse sitt forslag fekk 5 røyster (Frp, H) og fall.

Innstillinga vart vedteke mot 23 røyster (H, 4FNB, Frp, Pp).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget meiner framtidig inntaksmodell i Vestland fylkeskommune skal bygge på følgjande prinsipp:

- Alle elevar skal ha rett til å gå på ein skule nær der dei bur.
- Alle elevar skal og ha rett til å søke seg til andre skular i Vestland dersom dei ynskjer det.
- Inntaket skal ikkje vere reint karakterbasert.
- Ingen elevar skal, ufrivillig, ha urimeleg lang reiseveg. Difor skal elevar som mot si vilje får skuleplass langt unna heimstaden sin prioriterast ved inntak på ein skule som ligg nærare heimstaden til eleven.
- Alle elevar skal ha rett til å fullføre utdanninga si på den skulen dei startar på der dette er mogleg. Det skal altså vere rett til oppflytting frå vg1-vg2 og frå vg2-vg3 på studieførebuande program. For dei yrkesfaglege utdanningsprogramma kan det vere vanskeleg å oppfylle retten til oppflytting. Difor ber utvalet administrasjonen legge fram forslag til korleis ein kan sikre best mogleg rett til oppflytting.

2. Rådmannen skal utarbeide eit inntakssystem basert på desse prinsippa, og ny inntaksmodell skal komme til politisk behandling. Rådmannen bes spesielt sjå til Agder fylkeskommune for å vurdere om heile eller delar av deira inntakssystem er i tråd med prinsippa som er slått fast i dette vedtaket. Saksordfører skal følge saka vidare.